

Utklipp frå protokollen

PS 254/17 Omlegging til nytt takst- og rabattsystem for bompengeprosjekt i Hordaland -uttale

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.10.2017

Følgjande stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Stein Inge Ryssdal (H) er styreleiar i Bergen-Os bompengeselskap AS og styremedlem i Voss og Omland Bompengeselskap AS.
- Roald Stenseide (Frp) er styremedlem i Askøy bompengeselskap AS.
- Anne Beth Njærheim (V) er styremedlem i Bømlo Vegselskap AS.
- Kari Sørensen Bernardini (A) er styreleiar i Askøy bompengeselskap AS og styremedlem i Kvam bompengeselskap AS.

Ryssdal, Stenseide, Njærheim og Bernardini gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Røysting (spørsmål om inhabilitet)

Fylkesutvalet vedtok samråystes at Stein Inge Ryssdal, Roald Stenseide, Anne Beth Njærheim og Kari Sørensen Bernardini var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Ryssdal, Stenseide, Njærheim og Bernardini gjekk frå under behandlinga av saka.

Dan Femoen møtte for Stein Inge Ryssdal i saka.

Det var 12 representantar til stades.

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Talet på passeringar endrast i punkt 1 til 20 passeringar.»

Røysting (saka)

Innstilling punkt 1 vart vedteken med 8 røyster mot 4 røyster (3H, 1Frp) for Framnes sitt forslag.
Innstilling punkt 2-9 vart samråystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framleggget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar, inklusive eit passeringstak på 30 passeringar, for Hardangerbrua og Vossapakken.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framleggget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar, utan passeringstak, for Halsnøysambandet og E134 Stordalstunnelen.
3. Fylkesutvalet sluttar seg til det føreslegne framleggget frå Statens vegvesen Region vest, i brev frå 19.9.2017, til omlegging av takstar- og rabattar i Askøyypakken, med etterhald om at Askøy kommune sluttar seg til omlegginga.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at det nye takst- og rabattsistemet vert gjort gjeldande for den framtidige bompengeinnkrevinga for E39 Bergen - Os.
5. Fylkesutvalet viser til det pågåande arbeidet med ei revidering av Bømlopakken. Fylkesutvalet er samd med Bømlo kommune i at omlegginga av takst- og rabattsistemet for Bømlopakken kan venta til ein revidert Bømlopakke vert vedteke i Stortinget, føresett at dette skjer i god tid før nytt sentralsystem for bompengeinnkreving vert implementert.

6. Fylkesutvalet oppmodar kommunane i Kvammapakken om å vurdera saka på nytt, og å gjera vedtak om omlegging til nytt takst- og rabattsystem innan året.
7. Fylkesutvalet føreset at omlegginga til nye takstar- og rabattar ikkje gjev lågare bompengeinntekter for dei ulike bompengeprosjekta/bompengepakkane, slik at grunnlaget for dei gjeldande garantivedtaka ikkje vert svekka. Fylkesutvalet ber om at takst- og rabattomlegginga vert evaluert om lag eit år etter at endringa er gjennomført.
8. Bompengeselskapa for bompengeprosjekta i Hordaland som er omfatta av «Tilskottsordninga for reduserte bompengetakstar for riksvegar utanfor storbyområda», har søkt om tilskott til reduserte bompengetakstar. Det er eit vilkår for ordninga at bompengeprosjekta vert lagt til eit av dei regionale bompengeselskapa. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at selskapene Voss- og omland Bompengeselskap AS, Bergen-Os Bompengeselskap AS og Hardangerbrua AS vert innfusjonerte i Sørvest Bomvegselskap AS, så snart det formelt og praktisk let seg gjera.
9. I tillegg viser fylkesrådmannen til at fylkestinget, i vedtak frå 14.6.2016 om etablering av eit regionalt bompengeselskap, har fastslått at prosjektet E134 Stordalstunnelen, som HFK-økonomiavdelinga er «bompengeselskap» for, snarleg skal overførast til det regionale bompengeselskapet.